



Føresegn om kommunale barnehagar i Valle kommune

Vedtatt av Kommunestyret 26.02.2020 med heimmel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) § 7 fjerde ledd og § 12a fjerde ledd.

§ 1. Virkeområde

Føresegna gjeld for kommunale barnehagar i Valle kommune.

§ 2. Føremål

Barnehagen sitt føremål er i henhold til barnehagelovens § 1.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnet sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal utfalde skapartrong, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremme demokrati likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Rammeplanen for barnehagar gjer retningslinjer for innhald og oppgåver til barnehagen.

§ 3. Eigarskap og forvaltning

Valle kommune er barnehageeigar og driv barnehagane etter Lov om barnehagar, etter føresegner og retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet, samt kommunale vedtak og planar for barnehagane. Kommunestyret eller den kommunestyret delegerer oppgåva til fører tilsyn med barnehagane.

§ 4. Opptak

Heile Valle kommune er opptakskrins for dei kommunale barnehagane.

Rådmannen, eller den rådmannen delegerer oppgåva til, er opptaksmyndigheit.

Dato for hovudopptak til barnehagen vert fastsett av rådmannen, eller den rådmannen delegerer oppgåva til. Opptak vert annonsert i lokalpressa og ved oppslag på kommunen si heimeside.

Søknad om opptak og endringar av opphaldstid, skal vere skriftleg og på elektronisk skjema på kommunen si heimeside.

Det er mogleg å søkje på tre ulike alternativ:

- tre faste dagar i veka,
- fire faste dagar i veka,
- fem dagar i veka eller

Det kan kjøpast ekstradagar dersom det er ledig kapasitet i barnehagane i høve lovkrav om bemanning og areal.

Det er mogleg å søkje om plass i barnehagen utanom hovudopptaket. Då tildelast plass dersom eller når det er ledig plass i høve grunnbemanning og pedagognorm.

Startdato kjem fram i vedtaket som vert fatta i samband med opptaket. Plassen må takast i bruk innan éin månad etter oppgitt startdato, elles blir tildelinga av plass automatisk trekt tilbake.

Opptaket gjeld fram til barnet byrjar på skulen.

Dersom barn får innvilga utsett skulestart, beheld barnet plassen i barnehagen utan ny søknad. Føresette må varsle barnehagen innan 1. mars om at det søkjast utsett skulestart.

§ 5. Opptakskriterier i barnehage

Brukaren sine ønskjer og behov skal tilleggjast stor vekt ved opptaket, jf. Barnehagelova § 12 første ledd. Dersom det ikkje er ledige plass i barnehagen dei søkjer i, kan kommunen tilby plass i den andre barnehagen.

Etter søknadsfristen tildelast det først plass til barn med nedsett funksjonsevne og barn med vedtak etter lov om barnevernstenester (barnevernlova) §§ 4-12 og 4-4, andre, tredje og fjerde ledd, jf. barnehageloven § 13. Dette omfattar barn med rett til prioritet ved opptak etter barnehageloven § 13 sjølv om barnet ikkje har fylt eitt år innan utgangen av september.

Dokumentasjon:

Dokumentasjon frå sakkunnig instans må stadfeste at barnet har nedsett funksjonsevne. Sakkunnig instans må vurdere om funksjonsnedsettinga og dei konsekvensane det har for barnet skaper eit større behov for barnehageplass enn for førskulebarn elles.

Vedtak i samband med barnevernlova, må dokumenterast med fylkesnemndas vedtak, barnevernstenesta sitt vedtak eller vedtak frå domstol.

Dokumentasjon må ikkje være eldre enn tre månader når søknaden sendast.

Deretter tildelast plass til barn med lovfesta rett til barnehageplass etter barnehagelova § 12a. Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det søkjast barnehageplass, har etter søknad rett til barnehageplass frå august. Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det søkjast barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå den månaden barnet fyller eitt år.

Tildeling etter barnehagelova § 12a tildelast i følgjande rekkefølge:

- Barn frå familiar som har store belastningar på grunn av alvorleg og varig sjukdom eller funksjonshemming hos føresette eller sysken. Dokumenterast med erklæring frå lege eller spesialist
- Barn som har føresette som deltek i Valle kommune sitt introduksjonsprogram for flyktningar, jf. introduksjonslova § 2. Dokumentasjon krevjast
- Barn som har sysken i den ønska kommunale barnehagen
- Barn av einsleg forsørgjer

- e) Øvrige barn etter alder. Dersom barn stiller likt, vert plass tildelt ved loddtrekking

Ved opptak skal det takast omsyn til ei best mogleg samansetting av barnegruppene.

Barn som er busett utanfor Valle kommune kan, under føresetnad av at det ligg føre ein interkommunal avtale om dekke av utgifter til barnehageplass, tildelast plass for eit barnehageår av gangen etter at alle barn i Valle kommune er tildelt plass og det er ledig kapasitet i høve bemanning og areal.

§ 6. Samarbeidsorgan

For å sikre samarbeidet med heimen til barna, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle barna i barnehagen.

Foreldrerådet skal arbeidde for foreldra/føresette sine felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal:

- a) Velje representantar til samarbeidsutvalet
- b) Bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Ved avstemming i foreldrerådet vert det gitt éin stemme for kvart barn, og vanlig fleirtalsvedtak gjeld.

Samarbeidsutvalet består av to foreldre/føresette og to tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehageeigar kan delta etter eige ønskje, men ikkje med fleire enn to representantar.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

§ 7. Barnehagen si opningstid

Begge barnehagane er opne kl. 07.00-16.00 alle dagar unntatt:

- a) Laur-, sun- og heilagdagar, offentlege fridagar, julaftan, nyttårsaftan og frå kl. 12.00 onsdag føre skjærtorsdag,
- b) fem plandagar i året, eller det tal på plandagar som er lovfesta
- c) tre veker frå og med 2. måndagen i juli

Ved behov kan barnehagane opne kl. 06.45 og stenge kl. 16.15.

Alle barn skal ha minst fire veker ferie og tre av dei skal vere samanhengande.

Ingen barn kan vere i barnehagen meir enn ni timar i løpet av ein dag.

I periodar der ein har redusert drift, som til dømes i feriar, vil Hylestad og Valle barnehage samarbeide med SFO om drifta.

Nytt barnehageår startar samtidig med nytt skuleår.

§ 8. Oppseiing og endring

Plass i barnehagen kan seiast opp eller endrast av føresette med ein måned oppseiings-/endringstid rekna frå den 1. i påfølgjande måned. Oppseiing og endring skal vere skriftleg på elektronisk skjema på kommunen si heimeside.

Kommunen kan sei opp plassen med ein måned oppseiingstid rekna frå den 1. i påfølgjande måned dersom det føreligg vesentlig mislighald av avtalen. Det skal først haldst drøftingar mellom barnehage og føresette for eventuelt å finne ei løysing på problemet. Oppseiinga skal være skriftlig.

Som vesentlig mislighald reiknas mellom anna:

- a) dersom plass er tildelt på grunnlag av uriktige opplysningar av vesentlig betydning, gitt av føresette forsettlig eller grovt uaktsamt,
- b) ikkje betalt foreldrebetaling til tross for purring i høve til rutinane for betaling,
- c) ved vesentlig fråvær, utan at fråværet er avtalt med barnehagen,
- d) dersom plassen ikkje takast i bruk som bestemt i § 4,
- e) dersom avtalt opphaldstid overskridast gjentekne gonger, og
- f) dersom særskilte høve gjer grunn til oppseiing.

§ 9. Foreldrebetaling og moderasjonsordningar

Sentrale ordningar for foreldrebetaling/moderasjon som er betre for brukaren enn det kommunen sine ordningar er, vil til ei kvar tid vere gjeldande.

Storleik på syskenmoderasjon, betalingssatsar for opphald, mat og kjøp av ekstradagar og gebyr for henting etter at barnehagen er stengt vert fastsett av kommunestyret kvart år. Opplysning om dette ligg på kommunen si heimeside og kan fås i barnehagane.

Den årlege foreldrebetalinga fordelast over 11 månader. Juli måned er betalingsfri. Ferie utanom juli, gjer ikkje fråtrekk i foreldrebetalinga.

Det vert gitt høvesvis fråtrekk i foreldrebetalinga:

- a) Dersom barnet har sjukefråvær på fire samanhengande veker eller meir. Sjukefråværet må være dokumentert ved legeattest, og
- b) frå andre dag ved streik, eller uforskyldt avbrot frå kommunen si side.

Foreldrebetalinga lauper frå startdato gitt i vedtaket eller frå avtalt dato for oppstart.

Føresette kan, ved tildeling av barnehageplass, søke om reduksjon i foreldrebetalinga eller gratis kjernetid. Vilkåra for rett til reduksjon i foreldrebetalinga følgjer av «Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.» Søknadsskjema ligg på kommunen si heimeside.

Nye søkjarar må søkje om redusert foreldrebetaling og seinast to veker etter aksept av barnehageplassen. Føresette som har barn som allereie går i barnehagen, må sende inn søknad seinast innan utgangen av juni. Dersom søknaden og tilhøyrande dokumentasjon leverast etter desse fristane, vil eventuell reduksjonen gjelde frå påfølgjande måned. Når det søkjast om redusert foreldrebetaling, vil søknaden og gjelde for gratis kjernetid.

Vedtak om redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid gjeld for eitt barnehageår av gangen.

Dersom hushaldet, som har fått vedtak om redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid, i løpet av barnehageåret får auka sine inntekter slik at det har betydning for storleiken på foreldrebetalinga, plikter dei å opplyse om dette.

Dersom hushaldet i løpet av barnehageåret har ein vesentleg og varig nedgang i inntekt samanlikna med skattemeldinga for siste år, kan foreldrebetalinga reduserast. Søkjar plikter å leggje frem dokumentasjon som syner at endringa er vesentleg og varig. Endringa gjerast gjeldande frå den påfølgjande månaden etter innlevert dokumentasjon.

Ved for sein betaling kjem det til forseinkingsrente i høve «Lov om renter ved forsinka betaling m.m.» For purringar sendt tidlegast 14 dagar etter at kravet har forfalt, kan det ileggjast purregebyr.

§ 10. Helse og hygieniske forhold

Før et barn startar i barnehage skal det leggjast fram erklæring om helsa til barnet, jamfør barnehagelova § 23. Dersom barnet har møtt til dei ordinære undersøkingane på helsestasjonen, kan føresette gi erklæringa.

§ 11. Areal

Barnehagane i Valle kommune skal tilfredsstillе gjeldande rettleiande arealnorm, fire kvadratmeter netto per barn over tre år og 5,3 kvadratmeter per barn under tre år. Det er tal på barn som er til stade på same tid som avgjer krav om arealstorleik.

Det fysiske miljøet i barnehagane skal tilfredsstillе kravet om universell utforming.

Uteområdet skal vere om lag seks gonger større enn netto leike- og opphaldsareal inne.

§ 12. Ansvar og forsikring

Kommunen har ansvaret for borna i den tida dei er i barnehagen og på turar organisert av barnehagen. Alle barn i barnehagane i Valle kommune er dekt av ei kollektiv ulykkesforsikring for opphald og reise direkte til og frå barnehagen.

Føresette har ansvar for transport av barna til og frå barnehagen.

Føresette har ansvar for eigedelar som borna har med.

§ 13. Bemanning

Barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leining. Barnehagen skal ha ein styrar som har utdanning som barnehagelærer eller annen høgskuleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse.

Barnehagen skal ha bemanning etter gjeldande lover og forskrifter.

Så langt det lar seg gjere nyttar barnehagen faste vikarar eller faste tilsette jobbar ekstra når det er behov for vikararar.

§ 14. Teieplikt og opplysningsplikt

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt i høve Forvaltningslova §§13 til 13f.

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernet slik det er beskrive i barnehagelova §§ 21 og 22.

§ 15. Politiattest

Alle som får fast eller mellombels tilsetning i barnehagen skal legge frem politiattest som nemnt i politiregisterloven § 39 første ledd før ein kan starte i arbeidet.

Andre personar som regelmessig oppheld seg i barnehagen eller har vesentlig innverknad på drifta i barnehagen, skal og levere politiattest som nemnt i første ledd.

Personar som er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige er utelukka frå fast eller mellombels tilsetning i barnehagen.

§ 16. Øvingsopplæring

Barnehageeigar plikter å stille barnehagen til disposisjon for øvingsopplæring for studentar som tar barnehagelærerutdanning.

Styrar i barnehagen og pedagogiske leiarar plikter å rettleie studentar i slik øvingsopplæring.

§ 17. Språk og kultur

Nynorsk skal, så langt det let seg gjere, nyttast i songar og litteratur i barnehagen.

Barnehagane skal leggje vekt på å gjere barna kjende med lokal søge og lokale tradisjonar innan mat, musikk og dans.

§ 18. Internkontroll

Barnehagane i Valle kommune følgjer «Forskrift om miljørettet helsevern for barnehagar og skoler m.v.», samt «Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)»

§ 19. Revidering

Dei rettar og pliktar som er fastsett i eller i medhald av desse føresegner, oppdaterast slik at dei til einkvar tid er i samsvar med kommunen sitt handlingsprogram, politiske vedtak og gjeldande lowerk.

§ 20. Klage

Enkeltvedtak fatta i medhold av desse føresegner kan klagas på. Klagen sendast skriftleg til kommunen.

Følgjande vedtak kan klagas på:

- a) vedtak om avslag på søknad om barnehageplass ved hovudopptaket, jf. Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage § 6 første ledd første punktum,
- b) vedtak om avslag på søknad om barnehageplass ved opptak gjennom året for søkjarar med lovfesta rett til prioritet etter barnehageloven § 13, jf. Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage § 6 andre ledd,
- c) vedtak om avslag på søknad om lovfestet prioritet etter barnehageloven § 13,
- d) vedtak om avslag på søknad om plassering i gruppe a til og med d i § 5 tredje ledd,
- e) vedtak om fastsettelse av oppholdsbetaling i barnehage, og
- f) vedtak om oppseiing av barnehageplass.

§ 21. Ikrafttreding

Føresegnene trer i kraft 01.03. 2020. Frå same tid opphevast Vedtekter for barnehagane i Valle kommune, vedtatt i Levekårsutvalet 14. juni 2016.